

SØRHAUGEN



Av John Amundgaard, april 1984, «Nedlagde og/eller fråflytta bruk i Ottadalsgrend Sel grense – Rinda»

Sørhaugen var husmannsbruk under Søre Snerle som åtte Eide saman med Sørhaugen og Svarvarhaugen. Desse vart seinare fråselde garden, Sørhaugen då saman med søre delen av Eide, som nå er garden Turtum.

Folket på bruket Sørhaugen var Ole Amundsen (1860) og kona Mari Eriksdtr. f. Nordrumsløkken (1868).

Ragnhild Sørhaugen (1900) vart gift med Iver Grøn (1894). Borna deira: Alfred (1919), Mari (1924), Olaf (1929), Anton (1931), Ragna (1935), Einar (1941).

I 1925 selde dei garden til Kristen Turtum og samtidig kjøpte dei Nedre Dale, Sel, og flytte frå fyrst på året 1926. Eigar av garden nå er Olav K. Turtum.